

Til berørte leverandører

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 19/1248 - 19/19881

Saksbehandlar:  
Ina Wergeland  
ina.wergeland@lindas.kommune.no

Dato:  
23.06.2019

## Meddelelse om tildeling - SAK 19/1248 Rammeavtale grafiske tjenester Alver kommune

Oppdragsgiver viser til deltakelse i ovennevnte konkurranse. Etter en evaluering av de innkomne tilbudene tildeles kontrakt til *Reklamehuset Produksjon AS*. Begrunnelsen følger under.

### 1 Om anskaffelsen

Anskaffelsen er gjennomført i henhold til lov av 17. juni 2016 nr. 73 om offentlige anskaffelser og tilhørende forskrift 12. august 2016 nr. 974 om offentlige anskaffelser (FOA) del I. Invitasjon til å levere tilbud ble sendt til fem leverandører via Mercell.

### 2 Mottatte tilbud og avvísninger

Tilbud fra følgende leverandører ble evaluert:

- *Åsebø Olsen grafisk*
- *Alf Gundersen AS*
- *Reklamehuset Produksjon AS*

Ingen tilbud ble avvist.

### 3 Om tildelingskriteriene og evalueringsmetodikk

#### 3.1 Tildelingskriterier

Tildelingsmetoden i konkurransen var best forhold mellom pris og kvalitet, basert på følgende kriterier angitt i prioritert rekkefølge:

Tildelingskriterium
1. Forståelse for oppdraget - basert på 2-3 konseptuelle retninger
2. Pris
3. Team - erfaring - kompetanse - referanser
4. Forslag til prosess/framdriftsplan

Evalueringen er gjennomført uten bruk av poeng.

## 4 Om det valgte tilbudet

Under følger en redegjørelse for det valgte tilbudets egenskaper og relative fordeler fordelt på de enkelte tildelingskriteriene i konkurransen.

### 4.1 Tildelingskriterium 1 – Forståelse for oppdraget – basert på 2-3 konseptuelle retninger

*Reklamehuset Produksjon AS*

Score: Meget god

- Pluss for enkle og nære konseptuelle retningar som visar korleis oppdragsgiver kan styrke relasjonen til innbyggjarar og byggje omdømme. Dette er gode konseptuelle retningar å invitere fleire brukargrupper til å spinne vidare på.
- Pluss for å plassere oppdragsgiver i ein større regional kontekst. Kven er Alver i forhold til Bergen og dei andre omkringliggende kommunane? Dette er eit viktig perspektiv, som tilbydar var heilt åleine om å løfte fram.
- Pluss for å vise korleis vi kan involvere dei som bur og driv næring her. Minus for å ikkje synleggjere den politiske forankringa.
- Pluss for å ha gjort eit forarbeid på kven Alverbuen er. Minus for å dra omfanget i retning av ein visjons- og verdiprosess. Dette høyrer heime i andre prosessar, som kjem seinare og blir ein tung politisk prosess.

*Åsebø Olsen grafisk*

Score: OK, men har behov for tillegg

- Visar grei forståing for oppdraget, men dei konseptuelle retningane er for tynne. Dei visar korleis eit grafisk sluttresultat kan sjå ut, men seier for lite om kva vurderingar som ligg bak og kva effekt det eine gir framfor det andre. Her ønskjer vi oss ei meir strategisk tilnærming.
- Tilbodet er i for stor grad ein repetisjon av krava i konkurransen. Det seier at de kan levere, men visar ikkje korleis.

*Alf Gundersen AS*

Score: OK, men har behov for tillegg

- Dei konseptuelle retningane blir for tynne, enkle og klisjeaktige. Vi ønskjer ein moderne og tidlaus profil, gjerne med ein historisk klang – men først og fremst ein som ser fram og byggjer på det nye. Retningane har ikkje særpreg, dei er universelle og kunne vore utgangspunkt for veldig mange norske kommunar.
- Pluss for tilbod om nettbasert profilmanual.

### 4.2 Tildelingskriterium 2 - Pris

*Reklamehuset Produksjon AS*

Score: Meget god

Høgast totalverdi på oppdraget, men den nest beste timeprisen av dei tre tilbydarane.

*Åsebø Olsen grafisk*

Score: Svært god

Lågast totalverdi på oppdraget og lågast timepris av dei tre tilbydarane.

*Alf Gundersen AS*

Score: God, akseptabel

Nest lågast totalverdi på oppdraget, men høgast timepris av dei tre tilbydarane.

#### 4.3 Tildelingskriterium 3 – Team (erfaring, kompetanse, referanser)

*Reklamehuset Produksjon AS*

Score: Svært god

- Pluss for brei og tung kompetanse på sentrale område.
- Fleire gode referansar.

*Åsebø Olsen grafisk*

Score: OK, men har behov for tillegg

- Pluss for både grafisk- og ikt-kompetanse og greie referansar. Eit lite team kan vere fleksibelt og vere dedikert, men dette blir vurdert til å vere for sårbart.

*Alf Gundersen AS*

Score: Svært mangelfullt besvart

- Har synleggjort kor mange personar de skal stille med på nokre av møta i framdriftsplanen, men informasjon i tilbudet utover dette manglar heilt.

#### 4.4 Tildelingskriterium 3 – Forslag til prosess / framdriftsplan

*Reklamehuset Produksjon AS*

Score: Meget god

- Pluss for grundig prosess som visar dei ulike stega i detalj.
- Minus for omfanget på innsiktsfasen. Denne delen tenderer meir mot ein visjons- og verdiprosess, som ikkje skal vere ein del av dette prosjektet.

*Åsebø Olsen grafisk*

Score: Dårlig

- Foreslår ein rask og effektiv prosess, men oppleves i for stor grad å kasta ballen tilbake til oppdragsgiver.

*Alf Gundersen AS*

Score: Meget god

- Framlegget til prosess, framdrift, metodar og verktøy, visar god forståing for kommunesektor. Ressursgruppa er eit godt grep, som kan involvere mange sentrale bidragsytarar. Det er også fint at framlegget legg opp til innsikt før designarbeid.

#### 4.5 Samlet

Samlet vurderes tilbudet fra *Reklamehuset Produksjon AS* som det som best besvarer kravspesifikasjon og tildelingskriterier og vinner således konkurransen.

#### 5. Karensperiode og spørsmål

Dette er en anskaffelse gjennomført etter FOA del I som ikke har krav om karensperiode. Kontrakt vil inngås kort tid etter tildeling.

---

Eventuelle spørsmål kan sendes elektronisk gjennom konkurransegjennomføringsverktøyet Mercell.

Vi takker for deltagelsen i konkurransen.

Med helsing

Ina Wergeland  
innkjøpssjef

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*